

**Sakshandsamar:**

Arvid Stenehjem

E-post: arvid.stenehjem@sfj.no

Tlf.: 91576880

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/5878-15

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

43697/19

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 31.08.2019

**Kontrollutvalet**

v/sekretariatsleiar Einar Ulla

## Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv - rapport om status på oppfølginga og vidare framdrift

Fylkesrådmann har følgd opp fylkestinget sitt vedtak av 24. april 2019 ved først å legge saka fram for hovudsamarbeidsutvalet 22. mai og vidare konkretisert ei bestilling til einingane (21.juni 2019) på dei områda som berre kan løysast der. Fylkestinget har bede fylkesrådmann rapportere om status med ev. vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet.

Deloitte la i sin rapport fram 9 punkt med ulike råd om tiltak. Desse vart handsama av kontrollutvalet og fekk der ny struktur med følgjande tilråding og endelege vedtak i FT 24. april:

1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
  - a. Tydeleggjere fylkeshovudverneombodet si rolle ytterlegare
  - b. Sikre at det vert valt verneombod i alle verneområde
  - c. Ferdigstille følgjande påbyrja tiltak:
    - i. Sikre at det jamleg og i samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalde blir utarbeidd risikovurderingar, mål og handlingsplanar i alle einingar, inkludert risikovurderingar knytt til vald og truslar
    - ii. Sikre at risikovurderingar og handlingsplanar blir utarbeidd med tilstrekkeleg kvalitet, og i samarbeid med dette vurderer auka krav til bruk av fylkeskommunen sine malar
    - iii. Sikre at rutinar og malverk kontinuerleg vert oppdatert i høve til gjeldande regelverk og organisering
    - iv. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
    - v. Sikre at det blir gitt nødvendig opplæring
      1. I høve vald og truslar om vald
      2. Kva som er å rekne som avvik og korleis dette skal meldast
      3. Verneombod og leiarar
    - vi. Syte for at frikjøpsordninga blir vurdert. Dette for at vernetenesta skal kunne ivareta si rolle.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune
  - a. Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering
  - b. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
  - c. Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar
  - d. Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet

### Fylkesrådmann sin vurdering av tillegget i pkt. 2c. vi.

Fylkestinget sin særlege bestilling (jf. pkt. 2.c.vi) er vurdert av fylkesrådmann. Konklusjonen er at gjeldande regelverk<sup>1</sup> for ressurstildeling/frikjøpsordning i verneorganisasjonen bør stå fast. Fylkesrådmann tek ikkje initiativ til å endre dette no på tampen av organisasjonen sin levetid. Sjå vedlegg A sak 09/6001-3 om ressurs til verneomboda.

<sup>1</sup> Sak nr.: 09/6001-3 Ressurs til verneomboda

Rett og ev. justert tidsressurs til verneombodsarbeidet vil likevel kome implisitt med einingane sitt arbeid med å redefinere verneområda og med det bestemte tal verneombod basert på oversikt og tidsbruk. Jf. vedlegg D bestillingsbrev.

### Oppfølging – tre linjer

Fylkesrådmannen har sett inn tiltak etter tre ulike linjer.

Linje ein er tiltak som allereie<sup>2</sup> er iverksette med m.a. ved bestillingar til bedriftshelsetenesta om leveransar.

Linje to er bestilling av dei tiltaka som må bli utførde lokalt i einingane med forankring i dei lokale arbeidsmiljøutvala – LAMU.

I linje tre kjem dei tiltaka som best kan løysast ved å adressere dei til arbeidet med å bygge nye Vestland fylkeskommune. Desse tiltaka skal kome på plass gjennom bestilling av nye verktyø samt etableringa av nye prosedyrar og arbeidsrutinar, og implementerast i nye Vestland fylkeskommune - med verknad frå 1.1.2020.

### Linje ein-tiltaka

Allereie 1. november 2017 sette fylkesrådmann vold og trugslar på dagsorden og la ut følgjande nyhende på intranettet<sup>3</sup>. Kampanje mot vold og trugsmål i arbeidslivet:

*Arbeidstilsynet set i dag (1. nov 2017) i gang ein kampanje retta mot vold og trugsmål i arbeidslivet. Kampanjen er retta særskilt mot arbeidsgjevarar og tilsette i helse- og sosialsektoren, men bodskapen er også relevante for andre bransjar der vold og trugslar er ein utfordring. I vår organisasjon har truleg tannhelsetenesta dei største utfordringane. Møtet mellom utagerande elevar er også relevant og vi må ta høgde for å kunne sikre tilsette mot dette. Ta temaet opp i LAMU og vurder om de skal fokusere meir på dette området. Nøkkelen her er godt risikobasert hmt-arbeide.*

Fylkesrådmann retta fokus på temaet vald og trugslar ved konkret å tilby bistand til einingane i Bestillingsbrev - LAMU-årsrapport 2018 datert 4. januar 2019, jf. vedlegg B. Her vart også den nye IA-avtalen adressert. Denne bestillinga er vårt faste trinn-ein i årshjulet for det systematiske HMS-arbeidet i alle einingane inkl. sentraladministrasjonen. I år vart bestillingsbrevet følgd opp av vår leverandør av bedriftshelsetenester Stamina Helse AS med eige brev datert 26. februar 2019, jf. vedlegg C.

### Linje to-tiltaka

Fylkesrådmann konkretiserte i brev av 21.juni 2019 (vedlegg D) dei arbeidsoppgåvene som måtte setjast i verk for å kunne rette opp feil eller manglar som revisjonen, fylkestingsvedtaket har gitt oss. Han ber alle einingane/LAMU setje bestillinga på dagsorden i sine førstkommande møte. Dette betyr at einingane først etter sit møte tre i sine respektive LAMU hausten 2019 (for skulane etter skulestart) vil kunne forankre sine eksplisitte tiltak med vedtak. Ein oversikt viser av 12 av 15 LAMU ikkje har møte lagt til juni månad og fleirtalet kunne såleis ikkje handsame bestillinga før sommarferien. Stikkord her for kva som skal vurderast og utbetrast:

- ✓ Rolla til FHVO vert sett på dagsorden ved å formidle omtalen på Portalen/vårt intranett. Her er rolla skildra med linkar til vedtak i hovudsamarbeidsutvalet og med linkar til lover og føresegner for rolla.
- ✓ LAMU definerer verneområdene og med det tal verneombod
- ✓ Implisitt vert tidsressursen til kvart verneombod definert
- ✓ Er det behov for nyval?
- ✓ E det opplæringsbehov?

Som årsvist tilbod set fylkesrådmann opp 40-timarskurset som er det obligatoriske grunnkurset i arbeidsmiljøkunnskap.

### Bestilling også frå linja – opplæringsavdelinga

Den 26. juni (Vedlegg D sak 19/5184-1) sendte opplæringsavdelinga eit bestillingsbrev til dei vidaregåande skulane der særleg temaet vald og trugslar er adresserte. Eksplisitt ber fylkesdirektøren at rektor skal syte for at det vert gitt nødvendig opplæring og øving i førebygging og handtering av vold- og trusselsituasjonar. Særleg viktig at slik opplæring vert gitt til

<sup>2</sup> Allereie hausten 2018 vart deler av råda frå forvaltningsrevisjonen adressert. Innsatsen for å ivareta lovkravet for fokus på vald og trakassering vart konkret bestilt gjennom Bestillingsbrev – LAMU-årsrapport 2018 datert 4. januar 2019. Sjå vedlegg.

<sup>3</sup> <http://intranett.sjf.intern/fortilsette/aktuelt/Sider/Kampanje-mot-vold-og-trugsmål-i-arbeidslivet.aspx>

miljøarbeidarar/elevassistentar. Vidare at fylkesdirektøren vil setje temaet på programmet til den planlagde samlinga for miljøarbeidarar/elevassistentar hausten 2019.

### **Linje tre-tiltaka**

Tiltaka her er dei som best kan løysast ved å adressere dei til arbeidet med å bygge nye Vestland fylkeskommune. Dette gjeld revisjon av malar og nye verktøy innan forvaltninga av HMT-arbeidet.

Konkret er det sett ut konkurranse om verktøy for handsaming av kjemikalier, overordna verktøy for avvikshandsaming og risikovurdering. Slike hjelpeverktøy skal støtte behova på alle nivå i organisasjonen. Vi vil også kunne nytte verktøya på alle plattformer (laptop, brett og mobil) i organisasjonen. P.t. er det gjort avtale om kjøp av [Netpower QMS](#). Vidare vil val av kjemikalieverktøy stå på dagsorden. Vi er også inne i prosess med å velje tilbydarane av bedriftshelsetenester for nye Vestland fylkeskommune. Slike tenester har også sett av verktøy i sin tilbodsportefølje.

Når det gjeld registrering av personopplysningar ved yrkesskade/yrkessjukdom skal vi nytte [elektronisk skjema til NAV](#). Vi må ganske snart ha ferdig eit framlegg til prosedyre for å registrere korrekt i desse to kanalane, i tillegg må vi få fram rapportering til forsikringsselskap.

Vårt løn- og personalsystem Visma/Bluegarden skal ikkje lenger levere register over skader og sjukdom som har sin årsak i arbeidet eller forhold på arbeidsplassen. Slik registrering vil skje i kvalitetssystemet frå Netpower, i den avviksmodulen som vi nå skal byggje opp. Sjå vedlegg F dokument nr. 18 i «Oversikt HMS-K-dokumentasjon for Vestland fylkeskommune».

### **Vidare framdrift**

Framover denne hausten vert det gjennomført betydeleg innsats på dette forbetningsarbeidet. Nokre einingar har allereie handsama bestillinga og det som har og skal utførast vidare lokalt. Forutan LAMU sine møteprotokollar vil fylkesrådmann eksplisitt be om oversikt over dei tiltaka som er og blir gjennomførte. Dette skjer ved adressering til einingane og ved å få fram rapport frå bedriftshelsetenesta sin bistand ovafor einingane.

Det blir sett i gang nytt årvisst grunnkurs i arbeidsmiljøkunnskap (40-timarskurset) etter vår 2+2 dagars modell med «heimelekse» mellom samlingane. Dette vil bli gjennomført frå medio oktober 2019. I målgruppa verneomboda og medlemmane i arbeidsmiljøutvala, men tilbodet går også ut til alle leiarar på alle nivå i organisasjonen. Kurset er p.t. ikkje tid- og stadfesta.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Arvid Stenehjem  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### **Vedlegg:**

A sak 09/6001-3 om ressurs til verneomboda.

B Bestillingsbrev – LAMU årsrapport 2018

C Tilbod om bistand frå Stamina 26.2.2019

D Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv – bestilling av oppføljingsarbeid

E Oppfølging av forvaltningsrevisjonen innan HMT og inkluderande arbeidsliv (OA 26.6.2019)

F dokument nr. 18 i «Oversikt HMS-K-dokumentasjon for Vestland fylkeskommune».

### **Mottakar**

Einar Ulla, SEK

### **Kopi til:**

- Hovudsamarbeidsutvalet (HSU) – blir sendt til HSU og lagt fram under saka *skriv og meldingar* i møte 18. august 2019.
- OA direktør Bekka Skaasheim
- Personalsjef Toril Einarsen